

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep

0032 Oslo

Vår dato: 11.04.2016- vår ref. 2016/225

Høyring på «Kunnskapssektoren sett utenfra. - Gjennomgang av organiseringen av de sentraladministrative oppgavene i kunnskapssektoren».

1. Tilnærminga:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner utvalet har ei god tilnærming til vurdering og analyse av kunnskapssektoren. Utvalet har ei prinsipiell tilnærming og legg sentrale kriterie som grunnlag for analysen.

2. Utvalet understreker at tenesteproduksjonen skjer i kommunar og fylkeskommunar som også har ansvaret for resultat, og Fylkesmannen i Møre og Romsdal er einig i at ressursane må kome nærmare brukarane for at satsingane skal få betre effekt. Det er foreslått at ein del ressursar vert overført frå Statped til kommunar/fylkeskommunar. Vi ser behovet for at bl.a. PP- tenesta blir styrka i kommunane. Med meir ressursar til ppt, kan dei støtte barnehagane og skulane, både generelt i samband det spesialpedagogiske feltet og i generell skuleutvikling. Dei har ei unik rolle, og er etablert i alle kommunar. PPT er såleis eit fast kompetansemiljø i kommunane og kan vere med å sikre kontinuerleg oppfølging av statlege satsingar – også når satsingsperioden er over.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ser det som viktig at ressursar først og fremst blir brukt på dei etablerte kompetansemiljø og i mindre grad til ressurspersonar i avgrensa periodar utan fast tilknytning.

3. Fylkesmannen bør få ei sterkare rolle i rettleiinga av kvalitetsutviklingsarbeid mot barnehagar og skular

Det går fram av rapporten side 70 at «Fylkesmennene sitter nærmere skoler, barnehager og deres eiere og har større mulighet til å drive veiledning og utviklingsarbeid som treffer de lokale utfordringene», og det blir også peika på fordelene med den lokale kunnskapen Fylkesmannen har. Utvalet foreslår at ressursar blir overført frå Udir til Fylkesmennene.

Dette støtter Fylkesmannen i Møre og Romsdal fullt ut.

Fylkesmannen er rettstryggleiksinstans og ein stor del av ressursane går med til tilsyn og arbeid med klagesaker. Rettleiing på lov og regelverk inngår som ein viktig del av arbeidet. På dette området har Utdanningsdirektoratet gjort eit svært godt utviklingsarbeid saman med embeta og fått på plass ein ny tilsynsmetode der rettleiing av tilsynsobjekta og opplegg for eigenvurdering skjer i forkant av tilsyna. Fylkesmannen ser at det har ein stor læringseffekt på t.d. skulane som har hatt tilsyn.

Når det gjeld rettleiing på kvalitetsutvikling, har Fylkesmannen ei uklar rolle, og det varierer frå satsing til satsing kor mykje dei vert involvert.

Det blir hevda frå ulike hald at det kan vere ei utfordring for Fylkesmannen å handtere myndighetsoppgåver og kvalitetsutviklingsoppgåver samtidig fordi handteringa inneber bruk av ulike verkemidlar – med ulike grensar. Råd og rettleiing på kvalitetsutviklingsområdet vil dreie seg om best muleg kvalitet og i samband med myndighetsrolla skal Fylkesmannen rettleie på minstekrav.

Utvalet hevder at risikoen for at embeta blander rollen som tilsyn og rådgivar på ein uheldig måte, må kunne handterast pragmatisk.

Dette synet deler Fylkesmannen i Møre og Romsdal med utvalet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er av den oppfatning at vi alltid har hatt desse to rollene, og at det er nettopp dette som gir embeta mulegheita til å sjå juss og pedagogikk i samheng. Vi ser at det å lære og utvikle seg i dette rollespennet er veldig positivt, men at det er viktig å vere bevisst på desse to rollene.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal støtter synspunkta til utvalet og ser behovet for å ha meir ressursar for å støtte tettare kommunar slik at satsingar blir betre implementert i skular og barnehagar.

4. Behov for samordning

Tilbakemeldingar gjennom bla. årsrapportar har Fylkesmannen formidla at kommunane opplever dei nasjonale satsingane på kompetanseutviklingsområdet som uoversiktlege. Satsingane har ulik organisering og styring, og særleg for små kommunar er det vanskeleg å orientere seg. Dei forskjellige nasjonale kompetansmiljø har også ulike strategiar for å nå ut.

I tillegg er det fleire nasjonale satsingar som rettar seg mot barn og unge og som kjem frå andre departement og direktorat. Vi har etterlyst ei samordning også frå sentralt nivå.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er av den oppfatning at staten ikkje organiserer ressursane sine optimalt. Det blir vanskeleg for Fylkesmannen å koordinere og samordne den samla verkemiddelbruken, og vi ser at fleire av satsingane er svar på utfordringar som bør sjåast i samheng. Derfor bør Fylkesmannen få større handlingsrom når det gjeld val av verkemiddel både innanfor myndighetsoppgåver og kompetanseutviklingsoppgåver, for bl.a. å sikre seg at satsingane er tilpassa ulike lokale behov og dermed få større effekt.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er einig i utvalet som meiner at Fylkesmannen bør i sterkare grad vere eit bindeledd mellom Utdanningsdirektoratet og det utøvande leddet i kommunar og fylkeskommunen.

5. Direktoratet si rolle i lærarutdanninga

Utvalet konstaterer at direktoratet har inga innverknad og rolle i lærarutdanninga sjølv om dei er den største og viktigaste aktøren i barnehage- og opplæringsadministrasjonen. Vi er einig med utvalet i at direktoratet bør ha ei meir aktiv rolle overfor lærarutdanninga i og med at direktoratet forvalter ei rekke ulike verkemiddel for utvikling og kvalitet i skole og barnehage. Høgskulane er tatt med i svært varierende grad i ulike statlege satsingar. Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner at høgskulane med lærarutdanninga bør involverast fast i statlege utviklingsprosjekt og i etter/- vidareutdanning. På den måten blir høgskulane oppdatert på nye satsingar som kjem studentar og grunnutdanninga til gode, og

samtidig kan dei vere aktive med rettleiing og støtte til barnehagar og skular og følgje dei opp også etter at dei statlege satsingsperiodane er over.

Lodve Solholm

Fylkesmann

Alv Walgermo

Utdanningsdirektør